



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyringsfråsegn - Utdanning og forskning i spesialpedagogikk - veien vidare

Vi viser til rapport frå ekspertgruppa for spesialpedagogikk og til høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

Fylkesmannen sin kjennskap til det spesialpedagogiske feltet har grunnlag både i tilsyn, klagebehandling og kontakt med sektor gjennom informasjon og rettleiing på barnehageområdet, i grunnopplæringa og i vaksenopplæringa. Rapporten frå ekspertutvalet gir etter vårt syn eit bilde av situasjonen som i hovudsak samsvarar med det vi ser i møte med sektoren.

Fylkesmannen i Rogaland sluttar seg i det meste til ekspertutvalet sine tilrådingar om utviklinga for lærarutdanningane, for dei spesialpedagogiske utdanningane og for forskinga. Vi er også samde med utvalet om at det er nødvendig å styrkje satsinga på å oppnå heilskap og samheng mellom forskning, utdanning og yrkesutøving.

Fylkesmannen i Rogaland vil i tillegg peike på desse utfordringane:

Med innføring av rett til barnehageplass går no mest alle barn i barnehage, og svært mange av dei har lange dagar i barnehagen. Samanlikna med skolen er barnehagen sin kompetansesituasjon dramatisk: Barnehagen manglar både pedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse, og dette påverkar kvardagen til alle barn, utviklinga og læringa til alle barn. Men i denne situasjonen er barn med særskilde behov særleg sårbare. I tillegg har det i mange kommunar utvikla seg ein kultur for organisering av den spesialpedagogiske kompetansen som inneber at spesialpedagogane er samla i ein kommunal «base» og reiser rundt til barnehagane for å gi den spesialpedagogiske hjelpa til dei barna som har fått vedtak om slik hjelp. Slik blir ikkje den spesialpedagogiske kompetansen integrert i kvar barnehage. Det hastar såleis med å gjennomføre målretta tiltak for å sikre dei minste den hjelpa dei har rett på etter lova – tapt tid her får barnet aldri att.

Vi er elles samde i at retten til spesialpedagogisk hjelp bør flyttast til barnehagelova. I samband med dette bør det utgreiast om retten skal vurderast på bakgrunn av den generelle tilrettelegginga i barnehagen, eller om det framleis må vere slik at denne retten må vurderast berre på bakgrunn av barnet sine behov, sidan den spesialpedagogiske hjelpa skal vere gratis, og sidan det ikkje er plikt å gå i barnehage.

Vidare vil vi understreke at det må vere eit sterkare fokus på dei aller minste barna i spesialpedagogisk utdanning både på bachelor- og masternivå.

For grunnopplæringa blir det i rapporten peika på ei rekkje vanskeområde der det trengst spesialpedagogisk kompetanse. Vi vil i tillegg understreke behovet for kompetanse og forskning knytt til barn og unge med psykisk sjukdom og ME. Dei skal sjølvstøtt først og fremst ha behandling, men dei har også rett til opplæring medan dei er sjuke. Også for elevar med skolevegning er det behov for å styrkje kompetansen. Vi er glade for at utvalet har poengtert behovet for kompetanse knytt til ASK – her er manglane store og behovet akutt. Utan forsvarleg kompetanse blir retten til ASK etter § 2-16 i opplæringslova fiktiv.

Når det gjeld minoritetsspråklege barn og unge, blir det i rapporten poengtert at kulturforståinga må styrkjast, slik at ikkje kulturelle og språklege variasjonar blir forveksla med behov for spesialundervisning. Men det er sjølvstøtt viktig å vere merksam på at også barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn kan ha særskilde behov, t.d. på grunn av dysleksi, psykisk utviklingshemming, autisme, m.m. Då trengst det både spesialpedagogisk og fleirspråkleg kompetanse for å gi rett hjelp.

Så nemner vi at talet på vaksne med særlege behov på grunn av sjukdom eller skade aukar, sidan fleire no overlever både etter alvorleg sjukdom og etter ulukker. Det ser ut til at mange av desse ikkje får oppfylt rettane sine, anten fordi kunnskapen om regelverket er for dårleg eller fordi kompetansen til å gi relevant hjelp er for svak. For denne gruppa kan det vere utfordrande grenseoppgangar mellom helsehjelp/habilitering og rettar etter opplæringslova, og mange må nøye seg med logopedhjelp sjølv om dei gjerne har rett til opplæring i all grunnleggjande dugleik.

Vi seier oss samde med utvalet når det gjeld behovet for å leggje til rette for overgangar mellom bachelornivå og masternivå både i barnehagelærerutdanninga og i lærarutdanningane. Vi vil dessutan understreke at det etter vårt syn må prioriterast at ein mastergrad i spesialpedagogikk må byggje nettopp på ei pedagogisk utdanning. Andre «inngangsportar» til mastergraden vil ikkje gi grunnlag for å bruke den spesialpedagogiske kompetansen i barnehage og grunnopplæring. Vi vil tru at det kan vere tenleg å skilje mellom tre typar mastergradar - ein som byggjer på ein BA i spesialpedagogikk, ein som inngår i ei femårig lærarutdanning (1-7, 5-10 og 8-13) og ein som er eit toårig tillegg til ein BA i barnehagelærerutdanning. Så vil vi på det sterkaste halde fram at det er behov for ein eigen mastergrad som kvalifiserer for arbeid i PP-tenesta.

Fylkesmannen er skeptisk til framlegget om å gi avgrensa undervisningskompetanse til kandidatar med BA i spesialpedagogikk, og det same gjeld for framlegget om å gi avgrensa undervisningskompetanse til kandidatar med mastegradutdanning i spesialpedagogikk når den ikkje byggjer på godkjend lærarutdanning, jf. det vi har uttalt ovanfor om «inngang» til mastergrad i spesialpedagogikk. Både BA og mastergrad må vere knytte til eit undervisningsfag dersom det skal givast undervisningskompetanse, jf. krava i opplæringslova § 10-1. Det må også leggjast vekt på at regjeringa har signalisert at desse krava blir skjerpa dei komande åra.

Fylkesmannen støttar elles utvalet i at det må vere krav til at også dei som tar bachelor- og masterutdanning i spesialpedagogikk, blir vurderte med tanke på om dei er skikka til det arbeidet dei skal inn i. Slike krav gjeld no for mest alle profesjonsutdanningar, men altså ikkje for spesialpedagogikk, som skal gi kompetanse for arbeid med barn, unge og vaksne med særskilde behov. Dei er ofte særleg sårbare og treng nettopp personale som er godt skikka for arbeidet.

Endeleg vil vi markere støtte til utvalet i alle konklusjonar som gjeld styrking av kunnskap om regelverket i utdanningane på dette området. Utan slik kunnskap er det vanskeleg å ivareta rettstryggleiken for dei som treng det mest.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl  
utdanningsdirektør

Liv Svendal  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.